

Språkleg fattigdom?

Forskerforbundet og Amnesty International

SAMARBEIDSAVTALE: 1. mars 2011 fikk jeg som medlem en e-post fra Forskerforbundet sentralt der jeg ble orientert om at det var inngått en avtale mellom Amnesty International og Forskerforbundet. Jeg skrev samme dag følgende e-post til forbundet, men har ikke fått svar. Derfor lar jeg dette gå ut i offentligheten:

Som medlem reagerer jeg sterkt på at Forskerforbundet sentralt ønsker å «utvide og formalisere sitt engasjement for menneskerettigheter og solidaritetsarbeid». Det som i utgangspunktet kan virke nøytralt fordi det handler om menneskerettigheter, vil raskt kunne få politisk innhold når begrepet solidaritet uten videre spesifikkasjon knyttes til en uttalt policy. Personlig støtter jeg opprørene i Egypt og har sympati med aksjoner i Iran, men jeg ønsker ikke at min fagorganisasjon skal gå inn i slikt arbeid. Brått kan slike solidaritetsaksjoner få en politisk slagside og agenda, det er nok å tenke videre til Israel/Palestina-konflikten for å se at det kan skje.

På bakgrunn av dette spør jeg om Forskerforbundet 1) har undersøkt blant medlemmene om de ønsker en slik tilknytning til menneskerettighets- og solidaritetsarbeid gjennom sin fagforening, og 2) om Forskerforbundet har en bestemt politisk tilknytning eller agenda.

Jeg støtter derfor professor i filosofi Jens Saugstad sitt krav i aprilutgaven av Forskerforum, om at Forskerforbundet sier opp avtalen med Amnesty International med øyeblikkelig virkning, og oppfordrer andre medlemmer til det samme.

VIGDIS STOKKER JENSEN,
stipendiat,
Institutt for pedagogikk,
Universitetet i Bergen

«The linguistically diversified student is the norm within education», sa den kanadiske professoren Jim Cummins på ein konferanse om fleirkulturell lærarutdanning nyleg. Canada har svært mange fleirspråklege elevar frå Asia, Afrika og Latin-Amerika, og ein god del av desse har skåra høgt på PISA-undersøkingar. Så det kan vere grunn til

å tru at Canada gjer noko som er rett, når det gjeld språklæring. Etter å ha vore gjennom ein fase med «English only» frå 80-åra og fram til år 2000 gjeld det no å støtte elevane til å vere stolte av alle dei språka dei kan, inkludert heimespråket. Elevar blir inspirerte til å skrive og publisere tospråklege bøker, med forteljingar frå eigen kultur. Heimespråket blir dermed sett på som ein ressurs, knytt til identitet og kultur. Det blir derfor også gjort synleg på skulen, gjennom musikk, dans, flagg, fleirspråklege skilt, bildetekstar, sjølv laga tospråklege bøker og eit bibliotek med bøker på fleire språk. Her satsar ein på at elevane har ressursar til å bli tospråklege. Også i Noreg er det skular som arbeider og tenkjer på denne måten, blant anna Fjell skule i Drammen. Ein satsar på å engasjere elevane i lesing, då forskning viser at engasjerte lesarar skårar høgt på lesetestar, trass i at dei kanskje kjem frå heimar med lite utdanning. Under dette ligg ei forståing av at barn er sårbare, og at det må lagast tette samband mellom identitet og skriftkompetanse.


Sjølv presenterer eg meg av og til som tospråklege, fordi eg kan skrive både bokmål og nynorsk. I tillegg tråklar eg meg fram på engelsk. Men kvifor la eg ikkje av meg nynorsken då eg gjekk på gymnaset eller seinare, som så mange andre? Først og fremst fordi lærarane mine på alle steg i utdanningssystemet har hatt respekt for nynorsk og for den kulturen eg kjem frå. Foreldra mine

abonnerte på Norsk Barneblad. Hadde dei levd i dag, skulle eg ha fortalt dei at forskarar meiner det er eit sterkt samband mellom tilgang til tekstar og skuleresultat, også om tekstane er på eit anna språk enn majoritetsspråket.

Eg veit at det er foreldra og lærarane mine eg kan takke for at eg meistrar både bokmål og nynorsk. Eg vil også takke dei for at eg aldri har vore testa, verken seint eller tidleg. For dersom ein skal lukkast med å gjere elevar tospråklege, må ein ikkje teste elevar før dei har fått fem års undervisning, tenkjer ein i Canada. Ein må heller ikkje diagnostisere innvandrelevare på grunnlag av skulespråket, for då underkjenner ein dei kunnskapane elevane har på heimespråket. Slik testing kan gje pengar til skulen, men kan gje ein livslang merkelapp til eleven.

Det einspråklege Noreg sit i veggane i mange klasserom. Ein vil ikkje vite av verken nynorsk eller innvandrarspråk. Vi testar barnehagebarn og elevar og set inn tiltak, men gløymer å spele på lag med dei ressursane elevane har med seg til skulen. Leiaren av Stortingets kyrkje-, utdannings- og forskingskomité, Marianne Aasen, som opna konferansen om ei fleirkulturell lærarutdanning, fortalde at komiteen hadde vore på besøk nettopp i Canada. Der skryter skulane av å ha mange språk blant elevane, mens det i Noreg er framstilt som eit problem, hevda ho.

Ein høyrer lek og lærd snakke om at innvandrarbarn kjem frå språkleg fattige miljø. Men kva er egentleg språkleg fattigdom? Det er vel heller den einspråklege vaksne, han som trur han er god i engelsk, som er språkleg fattig. Som nasjon blir vi i alle fall fattigare om vi ikkje tek vare på dei språklege ressursane til barn og unge.



Norunn Askeland
førsteamanuensis og dosent
ved Høgskulen i Vestfold

«Det einspråklege Noreg sit i veggane i mange klasserom.»



Gjesteskribentene skriver sant og subjektivt om akademia. De faste gjestene er Bo Terning Hansen, **Norunn Askeland**, Gunnar Sivertsen og Kristin Hestflått Spilker.